

# Hildre Montessoriskule SA

## VEDTEKTER FOR HILDRE MONTESSORISKULE SA

### § 1. Samanslutningsform og foretaksnavn

Samanslutninga er eit samvirkeforetak og foretaksnamnet er Hildre Montessoriskule SA. Medlemmane hefter ikkje overfor kreditorene for foretakets forpliktelser, berre med sitt andelsinnskot.

Hildre Montessoriskule SA er open for alle som ynskjer det. Kapital og talet på andelseigarar vil difor vere vekslande.

### § 2. Forretningsstad

Forretningskontoret er i Haram kommune, med adresse 6272 Hildre.

### § 3. Virksomheit og formål

Hildre Montessoriskule SA har som formål å drive grunnskuleundervisning bygd på Montessoripedagogikk i samsvar med privatskulelova.

Det vert også lagt opp til at Hildre Montessoriskule SA skal ha eiga skulefritidsordning.(SFO)

Foretaket er altså ikkje økonomisk motivert, men har til hovedformål å yte den tenesta ein barneskule i nærmiljøet er.

Ein barneskule i nærmiljøet vil også vere ein stor bidragsytar til fellesskapet og kulturen i bygda.

### § 4. Andelsinnskot og medlemskontingent

Kvar andelshavar skal betale minimum kr 500,- i andelsinnskot.

Medlemmane skal ikkje betale medlemskontingent.

Det skal førast protokoll over eigarane sine andelar, og det kan skrivast ut andelsbevis.

Andelseigarar har ikkje krav på tilbakebetaling av sitt andelsinnskot ved utmelding.

Andelane vert ikkje forrenta, og det skal ikkje utbetalast utbyte til andelseigarane.

Andelane kan ikkje omsetjast men kan overdragast til andre i samråd med styret.

### § 5. Anvendelse av årsoverskot

Beslutning om anvendelse av årsoverskotet treffast av styret.

Statstilskot og skulepengar skal brukast til å gi opplæring i samsvar med godkjenninga

etter privatskulelova. Statstilskot og skulepengar skal i utgangspunktet brukast det året

tilskotet blir gitt og skulepengane kravd inn, jmf. økonomiforskriften til privatskulelova § 5.

Styret skal bestemme anvendelsen innanfor følgjande rammer:

1. I.h.t. økonomiforskriften til privatskulelova kap.4 og 5.
2. Godskriving av foretakets eigenkapital
3. Etterbetaling (jf. samvirkeloven § 27)
4. Avsetning til etterbetalingsfond (jf. samvirkeloven § 28)
5. Avsetning til medlemskapitalkonti (jf. samvirkeloven § 29)
6. Forrentning av andelsinnskot og medlemskapitalkonti (jf. samvirkeloven § 30)

## § 6. Styre og dagleg leiar

Hildre Montessoriskule SA skal leiast av eit styre på 5 medlemmar.

Styreleiar, 3 styrerepresentanter og 2 vararepresentant skal veljast frå andelseigarane.

1 styrerepresentant og 1 vararepresentant skal veljast av og frå lærarane ved skulen

Styreleiar forpliktar Hildre Montessoriskule SA med si underskrift.

Foretaket skal ha ein dagleg leiar, og det er styret som skal ansette denne. Dagleg leiar har ansvar for den daglege drift, herunder personal- og budsjett-ansvar.

Ansettinga av øvrig personale i foretaket er daglig leder sitt ansvar, men i konkret samarbeid med styret i foretaket.

Styret skal føre kontroll med drifta av Hildre Montessoriskule SA og har ansvar for oppgåver knytt til dette.(sjå Lov om samvirke)

Styret er samansatt slik :

1 Styreleiar, vald av årsmøtet.

4 styremedlemmar, der 3 er vald av årsmøtet, og 1 er vald av lærarane.

3 varamedlemmar, der 2 er vald av årsmøtet, og 1 er vald av lærarane.

Dagleg leiar møter som sekretær for styret, har talerett, og rett til få meininga protokollført

Rett til å vere til stades på møter i styret, til å seie meininga si og få denne tilført i protokollen har:

Ein representant frå elevrådet.

Ein representant frå foreldrerådet

Ein representant oppnevnt av vertskommunen

Ein representant for undervisningspersonalet ved skulen

Ein representant for andre tilsette ved skulen

Leiar står på val kvart år.

Styremedlemmar skal veljast for to år.

Varamedlemmar skal veljast for 1 år.

(På stiftingsmøtet vert to av styremedlemmane valde for eitt år.)

## § 7. Ordinært årsmøte

Årsmøtet i Hildre Montessoriskule SA er høgaste organet i foretaket, og skal haldast innan utgangen av april kvart år. Innkalling skal sendast ut til alle registrerte andelseigarar saman med sakspapira og seinast 14 dagar før årsmøtet.

Framlegg som skal handsamast på årsmøtet må vere styret i hende seinast ti dagar før møtet.

Årsmøtet skal handsame :

1. Val av møteleiar og referent.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Årsmelding.
4. Årsrekneskap.
5. Disponering av årsoverskudd.

6. Informasjon om budsjett og foretakssplan.
7. Fastsettelse av eventuell godtgjersle til det nye styret som no skal velgast.
8. Val av to styremedlemmar, to år.
9. Val av styreleiar, eitt år.
10. Val av to varamedlemmar, eitt år.
11. Val av valgkomitè, to år
12. Andre saker innmeldt til årsmøtet.
13. Saker til orientering.

Årsmøtesaker blir avgjort med alminneleg fleirtal.

Årsmøtet er vedtaksført med minst 15 frammøtte medlemmar.

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn når fleirtalet i styret eller minst 2/3 av andelseigarane krev det, og kan berre handsame saker etter innkallinga.

Vetektsendringar kan vedtakast på årsmøtet eller lovleg innkalla ekstraordinært årsmøte når minst 2/3 av møtedeltakarane går inn for endringsforslaget. Endringforslaget skal på førehand handsamast av styret og sendast ut saman med innkallinga til møtet.

### **§ 8. Oppløysing av foretaket og fordeling av nettoformua**

Hildre Montessoriskule SA kan oppløysast dersom 4/5 av frammøtte medlemmar på årsmøtet krev det. Vert oppløysing vedteke, skal det haldast ekstraordinært årsmøte ein månad seinare, Også her vert det kravd 4/5 fleirtal for oppløysing dersom vedtaket skal vere gyldig.

Forslag om oppløysing må gå fram av møteinnkallinga.

Foretakets medlemmar har krav på tilbakebetaling av sine andelsinnskot ved oppløysing av foretaket dersom det er midlar i foretaket etter at det har dekt sine forpliktelsar. Medlemmane har ikkje krav på å få utbetalt renter på andelsinnskot.

Ved oppløsningen blir – etter at alle foreningens forpliktelser er dekket – det mulige overskudd å fordele mellom Hildrestranda Helselag og Hildre Kulturhus med 50 % kvar. Dersom kun den eine part eksisterer skal denne motta 100%.

Under foretaket sine forpliktelser høyrer mellom anna tilbakebetaling av for mykje utbetalt statstilskudd(jf. Økonomiforskriftens §6 andre ledd), samt tilbakeføring av fondsmidler(jf. Økonomiforskriften §11 andre ledd)

### **§ 9. Voldgift**

Twist mellom medlemmane eller mellom eit medlem og foretaket skal først verte søkt løyst gjennom forhandlingar, og gjerne ved hjelp av ein tredje person. Dersom slik forhandling ikkje fører fram, skal tvisten avgjerast i ein voldgiftsrett på tre medlemmar. Av desse vel partane eitt medlem kvar. Leiar vert oppnemd av tingretten, og skal vere sakkyndig i den aktuelle saka.

oOo